



GRUNNSTEINS-NEDLEGGING

Denne ordninga kan nyttast, eventuelt med naudsynleg tilmåting, alt etter om det fyrst har vore gudsteneste eller ikkje.

Bibeltekstane i ordninga er frå Bibel 2024 og Fadervår frå 2011.

1 | Musikk til samling

2 | Innleiing

Soknepresten eller leiaren i byggekomiteen kan ha ei stutt innleiing.

3 | Salme

4 | Skriftlesing

Ein eller fleire av tekstane nedanfor vert lesne, eventuelt med denne innleiinga eller ei som liknar:

Bygningen som vi i dag legg grunnsteinen til, skal tena vår/ (**namnet ver nemnt**) kyrkjelyd, når vi i Jesu Kristi namn kjem saman om Ord og sakrament.

I Skrifta vert kyrkja kalla Guds folk og eit tempel for Den Heilage Ande. Kvar einskild kristen er ein levande stein i dette Andens byggverk, der Kristus åleine er grunnvollen som alt vert bygt opp på.

Fyrste lesinga

Det står skrive i Fyrste Krønikebok i det 29. kapitlet:

Kong David sa til heile forsamlinga: «Arbeidet er stort. For tempelborga skal ikkje vera for menneske, men for Herren Gud. I glede over min Guds hus vil eg òg gie det eg sjølv eig av gull og sølv, til min Guds hus, forutan alt det eg har samla til heilagdomen. Kven er i dag villig til å fylla hendene sine med gåver og koma til Herren?»

Då kom dei villig med gåver, både leiarane for familiane og for Israels stammar, tusenmannsførarane og hundremannsførarane og leiarane for kongens arbeid. Av eit heilt hjarte kom dei til Herren med dei frivillige gåvene sine. **FRÅ 1 KRØN 29,1.3.5-6.9**

Andre lesinga

Det står skrive i Salmane, Salme 84:

Kor elskelege dine bustader er, Herre Sebaot!
Mitt indre lengta, ja, tærtest bort av lengsel
etter Herrens føregardar.
No jublar hjarte og kropp mot den levande Gud.

Sporven har funne ein heim,
svala har fått seg eit reir
der ho kan leggja sine ungar,
ved dine altar, Herre Sebaot,
min konge og min Gud.

Sæle er dei som bur i ditt hus,
dei skal alltid lova deg. **SALME 84,2-5**

Tredje lesinga

Det står skrive i Salmane, Salme 118:

Steinen som bygningsmennene vraka,
har vorte hjørnestein.
Dette er Herrens eige verk,
underfullt er det i våre auge.
Dette er dagen som Herren har gjort;
lat oss jubla og gleda oss no! **SALME 118,22-24**

Fjerde lesinga

Det står skrive i Salmane, Salme 127:

Dersom Herren ikkje byggjer huset,
arbeider bygningsmennene fåfengt.
Dersom Herren ikkje vaktar byen,
vaker vaktmannen fåfengt. **SALME 127,1**

Femte lesinga

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til kyrkjelyden i Korint i det 3. kapitlet:

Vi er Guds medarbeidarar; de er Guds åkerland, Guds bygning. Etter den nåde Gud har gjeve meg, har eg lagt grunnvoll som ein klok byggmeister, og andre byggjer oppå. Men kvar einskild må vera nøye med korleis han byggjer. For ingen kan leggja ein annan grunnvoll enn den som alt er lagd, Jesus Kristus. **1 KOR 3,9-11**

Sjette lesinga

Det står skrive i Peters fyrste brev i det 2. kapitlet:

Kom til han, den levande steinen, som vart vraka av menneske, men som er utvald og kosteleg for Gud. Ver de òg levande steinar. Bli oppbygde til eit åndeleg hus, til eit heilagt presteskap, og ber fram åndelege offer, som Gud tek imot med glede, ved Jesus Kristus. For det heiter i skriftordet:

Sjå, på Sion legg eg ein hjørnestein,
utvald og kosteleg;
den som trur på han,
skal ikkje bli til skamme. 1 PET 2,4-6

5 | Truvedkjenning

L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

A | Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd, f6r ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen, f6r opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

DEN APOSTOLISKE TRUVEDKJENNINGA

6 | Salme eller korsong

7 | Tale

8 | Nedlegging av grunnsteinen

9 | Herrens bøn

L | Lat oss be Herrens bøn.

A | Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.

**Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all æve.
Amen**

Ein kan og nytta [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

10 | Velsigning

L | Tak imot velsigninga.

L | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. ✠

K | Amen.

11 | Salme

12 | Avslutning

Ved leiaren i soknerådet eller ein annan